



Kolset Tidende

Nr 2 * Årgang 26

Desember 2022

Innhald:

Styret har ordet

Kolset Barnehage hausten 2022

Dansetrim i Kolset tysdagar i partalsveker kl 19-21

Nytt kapittel i spennande historie

Nytt frå Kolset Sanitetsforening

Kyrkjevalet 2023

Jula i Leirgulen Handel

Opningstider jula 2022 Leirgulen Handel

Tusenårsstaden Gloføk – ei lita orientering

Nytt frå Leirgulen Idrettslag

Takk frå Rugsund Sokneråd

Julekonsert 10.desember

Julequiz på Kolset 27.desember

STYRET HAR ORDET

Nokre stikkord frå det styret har arbeidd med sidan bladet i mai:

Hjertestartargruppa i krinsen er no registrert hos AMK-sentralen og gruppa blir varsla dersom det er akutte hendingar i krinsen.



Nærmiljøgruppa arbeider med planer for uteområdet ved barnehagen. Dei ønskjer å oppgradere ballbingen til leikeplass og vi håpar at kommunen vil gje støtte til leikeapparat både på uteområdet og i ballbingen.

Det har stått ein del i avisene om Gloføk-prosjektet i haust. I bladet finn du litt meir informasjon frå prosjektgruppa som arbeider med utvikling av tusenårsstaden.

KKU søkte og fekk støtte frå Mowi og Guleslettene Vindkraft til ei badebrygge i krinsen. Brygga vart innkjøpt i sommar og kom på plass på Blålidvatnet i juli. Dessverre uteblei badetemperaturane, men vi håpar på betre forhold neste sommar.

Av andre saker som vi har arbeidd med kan nemnast plan for diskgolfbane, vidareutvikling av fleirbruksbana, oppgradering av sandvolleyballbana, digitalisering av Tommy Lofnes si avisutklippssamling,

I år som tidlegare år har vi teke oss av å skaffe til veie og setje opp julegran til skuleplassen. Takk til Even Olsbø som har sponsa oss med tre!

GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR!

Grasrotandelen KKU

Husk at du kan støtte KKU ved å registrere deg via tippekortet når du tippar hos Norsk Tipping. 7 % av summen du tippar for, vil då gå direkte til oss. KKU sitt formål er å fremje positiv utvikling i krinsen. Vårt org. nr. er 990507201.

Dansetrim i Kolset tysdagar i partalsveker kl 19-21

Dans, dans, dans og ver glad, seier vi, men vi trallar og syng og saman med den fine dansemusikken. Vi har i tillegg veldig kjekke sommar- og juleavslutningar, og vi besøker Klokkartunet kvart halvår. Dessverre er vi færre enn for nokre år sidan, så vi ønskjer så inderleg at fleire blir med oss.

I byrjinga av juni hadde vi sommaravslutning, og turen i år gjekk til Sandane og Hyen. Vi hadde bestilt finever, og det fekk vi! Dermed vart besøket på Sandane heilt fantastisk. Vi besøkte Utsikta og Holvikfossen, hadde utelunch på samlingsplassen i Trivselsskogen, og deretter kunne vi beundre alt det flotte dei har fått til der. Første biletet er frå amfiet der. Seinare vart det eit lite besøk på Nordfjord folkemuseum, og så gjekk turen til Nesholmen, der det var dekkja og klart for nydeleg middag.



Haustrimmen starta 8. september, og dei faste samlingane våre er like kjekke som før. Åshild og Bjørg var på danseleiarkurs på Skei i september, så det er blitt nokre nye dansar etter kvart, men vi held sjølvsagt ved like dei vi har hatt før. Håpet vårt er, som allereie sagt, at vi skal få nye med oss. Denne hausten har vi vore 12-14, medan vi for nokre år sidan var over 20. Det vil vere veldig synd om vi må legge ned denne viktige og sosiale aktiviteten.



På besøk på Klokkartunet 20.november


Søndag 20. november var vi på besøk på Klokkartunet. Heldigvis er der fullt igjen, og bebruarane set veldig stor pris på besøk. Vi dansa mange dansar, og midt i besøket hadde vi pause der vi kunne prate med alle. Det andre biletet er frå dette besøket.

No står juleavslutninga for døra, og tradisjonen tru blir det Dampen i år og. Kalle har laga lutefisken som før, og sjølv om der er nye eigarar, er vi lova alt på «gamlemåten».

Vi ønskjer alle lesarane av Kolset Tidende ei god adventstid og seier GOD JUL!

Kolset barnehage, haust 2022

Vi vil presentere nokre glimt frå aktivitetar vi har gjennomført denne hausten.



I September var dei eldste barna på krabbefiske. Alltid kjekt å få vere med på sjøen, og når fangsten er god er det ekstra stas. For å gjennomføre slike turar er vi avhengige av hjelp . Tusen takk til bestefar Steinar, som stilte opp med båt og teiner i år òg.



I oktober var vi klar for solidaritetsaksjon , med basar . Takk til alle som støtta oss med å kjøpe lodd, og til alle foreldre, sysken og besteforeldre som deltok på basaren. Som de ser på plakaten kom det inn mykje pengar som vi sende til FORUT – her kjem midlane til god nytte for barn i Nepal.



BRANNVERN :

I barnehagen har vi kvart år brannvernveke. Gjennom brannøving får vi øve oss på kva vi skal gjere om brannalarmen går. Personalet får øve seg på sine rollar i ein slik situasjon. Her er mange potensielle medlemmar til brannkorpset på Kolset - om nokre få år !

Vi lurar på kva som er inne i dette huset no...



Besøk til barnehagen

Vi har besøk av Trond frå biblioteket nokre gongar gjennom året. Han har med seg bokkasse som vi får ha til neste gong han kjem. Lesestunda med Trond er alltid spanande.



Politibesøk –

Vi har full oversikt over kva tid politibilen køyrer forbi barnehagen. Vi er så heldige at dei har stoppa nokre gongar - det er stor stas å få sjå ekte politibil og politi. Takk til Espen og Co som tek seg tid !



Kvar torsdag kjem dei eldste barna frå Davik barnehage på besøk. For å bli betre kjende med kvarandre set vi av mykje tid til leik og kos.



Nytt kapittel i spennande historie

Sommaren 2021 flytta Gunnhild (57) og Steffen (56) heim til Lofnes. Dei selde eit stort hus i i Bergen, Gunnhild sa opp jobben som pedagogisk leiar i barnehage, og Steffen fekk avtale med Equinor om heimekontor annankvar veke. Rett nok kjøpte dei ei leilegheit på Laksevåg, der Steffen bur den veka han jobbar i Bergen, men vi kan trygt seie at dei «brende mange bruer»



Gunnhild er Haugesunds-jente. Ho er attpåklatt og yngst i ein syskenflokk på seks, men ikkje bortskjemd, sa alltid faren. Han var veldig interessert i geografi, og sjølv om han ikkje hadde reist i utlandet sjølv, hadde han stor glede av å reise på kartet. Desse reisene tok han Gunnhild med på, og det vart nok kimen til den store reiselysta ho har hatt med seg heile livet. I 1984 var Gunnhild russ, og då var tida komen for det første utanlandsopphaldet. Eit søskenbarn ordna henne jobb i England, på eitt av slotta til Henrik 8. Ho både budde og jobba på slottet, og det vart spennande månader, men også knalltøft.

Etter dette opphaldet gjekk turen til Bergen og førskulelærarstudie. I studietida jobba ho heile tida, for Gunnhild ville tene pengar og spare til meir reising. Etter siste eksamen tok ho fatt på ei jorda-rundt-reise i over 6 månader. Først gjekk reisa til Asia, deretter Australia, New-Zealand, Stillehavet og til slutt USA. Då var sparepengane oppbrukte, og det måtte bli jobbing. Ho fekk då stilling som førskulelærar i Bergen, og etter nokre månader fekk ho «lov» til å reise til Spania på eit sommaruniversitet. Målet med det var å lære spansk. I Spania vart ho kjend med folk frå Canada, og dei vekte interessa for å oppleve det landet. Dermed vart det flytting igjen. Der ho budde, var det fransk som rådde, og no tok Gunnhild fatt på franskstudie, og jobba som dagmamma ved sida av. Eitt og eit halvt år varte opphaldet der, og så vart det barnehagejobb i Bergen igjen. Der møtte ho Steffen, og det vart altså avgjerande, men reiselysta var ikkje heilt sløkt, og Steffen var kanskje biten av same basillen?

Steffen er fødd i Bergen, men fordi far Sverre hadde jobb i El Salvador, flytta mor Hanna og Steffen etter då han var eitt år. Då dei kom heim, var Steffen blitt tre og snakka både spansk og engelsk. Johan fortel at han møtte Sverre og Steffen på butikken, og gutungen sa: «I want a knife». Det vart fleire utanlandsopphald for familien, som no talde fire, og det var i Somalia. Der var dei i ca eitt år, før dei flytta til Lofnes. Så skjedde det tragiske at Sverre omkom i 1974, og Hanna og ungane, Steffen 8 og Marit berre 3, heldt fram å bu på Lofnes. Etter vidaregåande på Firda og militærteneste vart det studiar i Bergen i 1987. Som lidenskapeleg Brann-supportar var stadvalet enkelt, men kva skulle han studere? Fiskeoppdrett hadde gjennomgått både oppturar og nedturar på denne tid, og marinbiologi såg ut for å vere framtida. Etter halvført studietid tok Steffen ein pause og la ut på reise i eit halvt år: USA, Karibia, Stillehavet, Australia, Nepal, India. Deretter vart det hovudfagsoppgåve med tema økosystemet i Barentshavet, og etter det pedagogisk seminar.

Steffen var no klar for yrkeslivet, men det var svært få jobbar for ein marinbiolog, så for ei kort tid vart det lærarjobb i Øygarden på ein barneskule. Det var greitt, seier Steffen, men han var nok for utolmodig av seg for ein slik jobb, så då 4H lyste ut ei 3-årig prosjektstilling, var valet enkelt. Det

innebar at han måtte flytte til Lillestrøm, og Gunnhild, som han då var gift med, var villeg til å flytte med. Må legge til at før det hadde dei to vore på bryllaupsreise i fire månader i fleire verdsdelar. Medan dei var i Lillestrøm, kom Simon til verda, og alle trivst godt, men då prosjektstillinga var omme, gjekk turen tilbake til Bergen. Gunnhild fekk jobb i barnehage, og Steffen fekk HMS- stilling (helse, miljø og sikkerhet) på Mongstad. Etter kvart vart det huskjøp i Bergen, og dei to jentene, Hanna og Astrid, gjorde familien komplett. Litt artig at dei der hadde 14 høner i hagen, og ungane kunne selje egg i nabolaget.

Etter kvart fekk Steffen jobb i Statoil, og med det følgde høvet til å søke på stilling i utlandet. Gunnhild hadde eitt krav, det måtte vere varmt der dei skulle flytte. Valet vart teke, og familien flytta til Houston i Texas. Der var det mange norske, og dei fann seg fort til rette, men det var sjølvstekt ein stor overgang for ungane i amerikansk skule. Astrid var berre 10 år, og kunne berre nokre få ord på engelsk, så Gunnhild via tida si til å hjelpe med skularbeid. I løpet av desse to åra farta dei mykje rundt, og dei hadde ofte besøk frå Norge. I ein alder av fleire og åtti år var Hanna sr. to gonger på besøk, den eine gongen på cruise i Karibia. Heile tida dei var i Houston var dei veldig ofte i sjømannskyrkja. Det var heilt fantastisk å feire jul, 17. mai og andre høgtider der, og Hanna jr. feira konfirmasjonen i denne kyrkja. Opphaldet i Texas vart eit minne for livet for alle fem.

I alle år hadde familien vore på Lofnes i feriane, og snart byrja tanken om å byggje noko eige å utvikle seg. Derfor skjedde alt fort etter at dei flytta heim til Bergen att. Det vart hyttebygging, og dei overtok utleigefirmaet til Hanna. Det innebar at det vart utallege turar heim til Lofnes, og tanken dukka opp: Skal vi ta eit prøveår der heime? Korona-epidemien viste at Steffen kunne jobbe mykje heimanfrå, Gunnhild hadde eit yrke som lett kunne takast med, og tanken utvikla seg til: Vi tek steget heilt ut! Alt ordna seg, og eit nytt kapittel starta sommaren -21.

Gunnhild gjekk rett frå jobb som pedagogisk leiar i barnehage i Bergen til same stilling i Svelgen oppvekst. Der har ho dette ansvaret for dei største ungane, og ho likar seg godt. «Eg har ikkje angra eit sekund på flyttinga til Lofnes», legg Gunnhild til. Steffen har gått over i ei ny stilling i Equinor utan leiaransvar, og jobbar annakvar veke heimanfrå og frå Bergen. Det han no jobbar med, har med grøn logistikk å gjere. Supplybåtane skal ureine mindre, og derfor må dei ta i bruk andre drivstoff enn i dag. Kort sagt Steffen skal peike på konkrete tiltak for å få Equinor framover til det grønne skiftet.

På Lofnes har dei nok å gjere. Begge vil ta vare på eigedomen der inne, og til no har dei felt over 40 store graner, pussa opp utleigebuda, restaurert låven og er godt i gang med planlegging for å gjere det same med gamlehuset. Når det blir ferdig, vil dei flytte opp der. Til no har dei stor pågang av turistar i utleigebuda. I sommarhalvåret samarbeider dei med eit tysk byrå, men resten av året er det turistar gjennom Airbnb som gjeld, og dei har fått svært gode tilbakemeldingar frå dei gjestane. Desse turistane kjem frå heile verda, og dei kjem ikkje berre for å fiske. Dei vil sjå og oppleve alt her, og mange spør: Veit de eigentleg kor magisk det er her? Då nemner dei ikkje berre naturen, men stilla/roa, skogen, stormane, mørket, miljøet osv. Gunnhild kan tenkje seg å jobbe med turisme på heiltid om nokre år, for som ho seier: «Gjennom turistane får vi verda heim til oss, og vi kan vise dei heilt andre opplevingar enn det dei er vane med i heimlandet.

Velkomne heim og lukke til med planane, Gunnhild og Steffen!



Norske Kvinners Sanitetsforening

Nytt frå Kolset Sanitetsforening

Det gleder oss at vi kan møtast og vere med på ting som blir arrangert i krinsen vår att!

Kolset sanitetsforening hadde sin fyrste basar 28.08.2022.

Det var skipa til ein utvida basar (fest) for å markere vår nyskipa sanitetsforening.

Vi ynskje velkommen med gratis mat frå eit innhaldsrikt langbord med kaker og mykje anna bakverk.

Bjørge D. Lofnes framførte sjølvskrivne prolog. Som alltid var det gode ord ført i penn av Bjørge. Tilja, Torine og Katrine underhald med fin sang og musikk, likedan den lokale trekkspelklubben.

Vi er heldige som har så flinke aktøra i krinsen. Tusen takk til alle!

Det gjekk unna med sal av årer og lodd på listene. Kolset sanitetsforening takker for eit godt resultat på ca. kr. 25 000,-

Ei stor takk til alle dokke som har bidrege med masse god mat og alle dei flotte gevinstane!



Vi ynskjer alle ei fin førjulstid!

Dei beste ynskjer for jula og det nye året 2023.

For Kolset Sanitetsforening, ved styret Eldrid Strømmen.



Minnegåve

Kolset sanitetsforening takker hjarteleg for minnegåve kr. 13 250 ,- gitt i høve Anny Rakel Strømmen sin gravferd.



Kjære alle i Rugsund sokn.



Vår periode i soknerådet nærmar seg slutten, og i september 2023 er det nytt kyrkjevalg. Det er då tid for att nye krefter skal ta over etter oss.

Vi håper att Du vil engasjere deg for kyrkja vår, og gjere en innsats ved neste val

Nominasjons-nemda har alt hatt møte, og dei har lyst til att alle dei som vil gjere ein innsats for, og i kyrkja vår, tek kontakt innan 5. januar.

Åsmund Bortne: 913 43 887
Audhild Hunsår: 482 51 508

På førehand takk ☺

Kyrkje- valet 2023

Jula i Leirgulen Handel



Sidan 2010 har Leirgulen hatt si eiga julegate, til glede for mange.

Også i år skal sjølvstekt lysa skine i det som vert omtala som Noregs minste julegate. Laurdag 10. desember serverer vi dessutan kaffi og kaker i kaffikroken, til ære for butikkens 12-årsdag. Alle er velkomne innom.

Då får de samtidig sjansen til å beundre den flotte peparkakebyen vår, som ungarn i bygda har stått for. Tusen takk!



Vi minner om at kaffikroken alltid er åpen i butikkens åpningstid. Kom gjerne innom! Skikkelig hyggelig å sjå at så mange samlast der på onsdags-ettermiddagane-og der er plass til mange fleire!



Sal av fyrverkeri

Også i år sel vi fyrverkeri i 31.12. Stort og variert utval.

kaffikroken, f.o.m 29.12 t.o.m

Åpningstider jula 2022

Leirgulen Handel



Torsdag 22.12	10-17
Fredag 23.12	10-17
Julafta	10-13
1.juledag	stengt
2.juledag	12-15
Tysdag 27.12	10-17
Onsdag 28-12	10-17
Torsdag 29.12	10-17
Fredag 30.12	10-17
Nyttårsafta	10-15
1.nyttårsdag	stengt
2.nyttårsdag	10-17
Tysdag 3. januar	10-17

**Vi ynskjer alle våre kunder ei riktig god jul og eit godt nyttår! Tusen takk
for handelen i år, vi sjåast att i 2023** 

Avital og Therese

Tusenårsstaden Gloføk – ei lita orientering

Mange har vel lese litt i lokalavisene om Statsforvaltaren sitt svar til kommunen vedrørende søknaden frå oss om tresti tvers over neset, platting med med bord, og eventuelt oppsetjing av gapahuk, og han hevdar at betongstien (promenaden) ikkje er lovleg.



Då vi bygde promenaden, hadde vi løyve frå Vegvesenet, miljøavdelinga i fylkeskommunen og munnleg løyve frå kommunen. Området vi byggjer på, er eit såkalla F1 område. I reguleringsplanen for dette F1 området står det: *Innanfor område F1 kan det opparbeidast strandområde, byggjast enkle veganlegg og plasserast ut møblar.* Vi var såleis i god tru då vi planla og bygde denne promenaden. Vi skulle sjølvstendig ha sendt inn formell byggjeløyvesøknad, men det vart diverre ikkje gjort.

Då vi søkte om opparbeiding av tresti, platting og gapahuk, kom det motsegn frå ein nabo, og difor måtte kommunen sende saka til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren sette då ned foten og sterkt frårådde kommunen å gje dispensasjon.

Vi i nemnda diskuterte kva vi skulle gjere, og fekk då til eit møte med kommunen. Vi var einige om at det viktigaste no var å få i orden byggjeløyvet for promenaden. Inger Hilde og Magnhild Myklebust var positive til planane våre, og bad oss skrive ein søknad om å få orden på byggjeløyvet no i ettertid. Denne søknaden måtte då politisk handsamast, og så ville dei sende heile saka tilbake til Statsforvaltaren.



Vi skreiv ein søknad om dette, og han er no handsama i formannskapet. Formannskapet vedtok einstemmig at vi kunne byggje gangsti med betongdekke (promenaden), gangsti med tredekke, platting og gapahuk - med nokre justeringar.

I kommunen si grunngjeving står der mellom anna: *Tilrettelegging av området har store fordelar for friluftsliv, bulyst og trivsel, og kun mindre ulemper ved at det er gjort inngrep i del av fjære i samband med etablering av gangstien langs denne.*

No må vi berre vente på kva Statsforvaltaren til slutt seier – og så får vi bestemme oss for vidare satsing.

Vi i Gloføk-nemnda vil oppmode alle å bruke tusenårsstaden flittig.

For nemnda: Johan

Nytt frå Leirgulen Idrettslag

Trimåret 2022:

Både barnehagen og barneskulen har sine faste tider for trening. Oftast innandørs, men og utandørs om veret tillet det. I tillegg har ein gjerne hatt ski/ake/leiketrim når vi har hatt snø.

Dei siste åra har vi også feira halloween, dette med barnehage-og barneskuleungane i lag. I år freista vi med limbo, stol-leik, disco, bli-med-dansen og mykje meir, skikkelig høg og god stemning vart det i gymsalen ein søndags- ettermiddag ☺



Symjebassenget:

LIL leiger bassenget tysdagar mellom klokka 20-21 (for dei vaksne medlemmane av LIL), og torsdagar mellom klokka 17-19 (barnehage-og alltid vere ein person med gyldig livreddarkurs til stades.



barneskuletrimmen). Der må

Livreddarkurs:

I fjor arrangerte LIL livreddarkurs på Davik, der alle medlemmar av LIL fekk tilbod om å delta gratis. Det same håpar vi å kunne tilby snart, informasjon kjem.

Trimrom:

LIL ynskjer å nytte eit av klasseromma på skulen som trimrom. Vi ser for oss eit trimrom som kan nyttast av LIL sine medlemmar, både eigentrening og organisert. Vi har ein del utstyr, samt planar om å skaffe meir, om alt går i orden. Vi har vore i kontakt med både Bremanger kommune og Husstyret, og ventar i skrivande stund på eit endeleg svar.



Julekonsert Rugsund kyrkje laurdag 10. desember kl. 17:00

Barnehagegudsteneste 19. desember kl. 10:00

Gudsteneste Rugsund kyrkje 25. desember kl. 13:00

TUSEN TAKK

Rugsund sokneråd har fått nye mikrofonar, mikrofonstativ, notestativ, og mik.kablar. Dette er kjøpt for midlar som har kome inn frå søknadsrunder, og soknerådet ynskjer å takke så mykje for alle innsendte bidrag, både pengegåver og sponsormidlar, i året som har gått.

Song- og musikklivet i Rugsund sokn blomstrar og det får vi nyte glede av både gjennom kyrkjekonsertar og ved deltaking i kyrkjelege samanhangar. Slike midlar er kjærkomne og på den måten blir vi i stand til oppgradering som forhåpentlegvis gir musikalske innslag og lettar praktisk gjennomføring ved kyrkja.

Rugsund sokneråd vil gjerne rette ein stor takk til Saniteten i Rugsund, RUL Musikkverkstaden, Smalsarhorn Skulemusikk og Mowi. Soknerådet nyttar også høve til å takke for stønad til musikkutstyr i kyrkja i 2020 til Marøy/ Løypingneset og Havkar Drift AS – Skipperdalsneset.

Tusen takk til den anonyme givaren for pengegåve som har finansiert innkjøp av grøn messehake, prosesjonskors og fot, samt dekke til nattverdsalk. Flittige dugnads hender har stått for sy- og broderingsarbeidet.

Når dette bladet kjem i postkassene nærmar adventstida og jula seg med stormskritt. Adventslys blir tent. På julaften kl. 17 ringjer kyrjeklokker over heile landet jula inn.

Rugsund sokneråd ynskjer dykk alle saman ei riktig god og fredfull julehøgtid!

Stor takk for hjartelag og velvilje!

Varmt velkomen til kyrkje!




Bustadtomter til sals på Kolset

Bremanger kommune har ledig 6 bustadtomtar på Kolset.

Dersom du ynskjer å reservere tomt må du sende skriftleg søknad til Bremanger kommune, pb. 104, 6721 Svelgen eller på epost til post@bremanger.kommune.no

Frå 1.juni 2021 vil tomtar bli tildelt fortløpande. Dersom det er fleire interessentar til same tomten vil fyrst innsomne søknad få reservert tomten, og dersom søknadane kjem samtidig vil tildeling bli avgjort ved loddtrekning.

Du kan få reservere tomt for inntil 6 månader i gongen, deretter vil ei eventuell forlenging av reservasjonen vere avhengig av at det ikkje er andre interessentar til tomten. For å få kjøpe tomten må du ha konkrete byggeplanar, og kommunen har gjenkjøpsrett dersom ikkje byggeprosessen er starta innan eit år etter tomtekjøpet.



Kolset bustadfelt

1 2 3 4 5 6

 Bremanger kommune

Tomt nr. 1, 1016m2, kr. 490.000,-	Tomt nr. 4, 969m2, kr. 390.000,-
• 2, 1213m2, kr. 590.000,-	• 5, 1121m2, kr. 450.000,-
• 3, 1179m2, kr. 570.000,-	• 6, 1257m2, kr. 510.000,-

JULEQUIZ

TIRSDAG 27.DESEMBER VERT DET
JULEQUIZ PÅ KOLSET OPPVEKST.
QUIZEN STARTAR KL. 2100, MEN
DØRANE OPNAR KL. 2000.



DET VERT EIN UHØGTIDELEG
KUNNSKAPSKONKURRANSE MED MAKS. 6
DELTAKARAR PR. LAG.



DRIKKE OG NOKO SNACKS VERT Å FÅ
KJØPT.

ALDERSGRENSE 16 ÅR.

PREMIER



DELTAKARAVGIFT KR. 50,-

ARRANGØR: ~~KOLSET~~ KRINS UTVIKLINGSLAG